



---

Til

Christine Furenes, FAU-leiar  
Pål Undheim, polititar Time kommune  
Solbjørg Holen, representant for lærarane  
Margrethe Hauge, tillitsvalt  
Iselin Stangeland, SFO-leiar  
Gunnar Nærland, foreldrerepresentant SFO  
Emilie Brunnes Scheie, elevrådsleiar. Meldt forfall  
Ane Finnbakk Susort, nestleiar elevråd  
Tobias Aarre Gramstad, elevrådsrepresentant  
Adrian Vigre Rugland, elevrådsrepresentant. Meldt forfall  
Lisa Holen, elevrådsrepresentant

### **Referat frå SU/SMU møte 30.november, Lye skule**

#### **Sak 1 LK 20 og læremiddel**

Skulen testar ut ulike digitale læremiddel. Har inngått kontrakt for eit skuleår om gongen, dette fordi ein ønskjer å vurdere læremidla før ein evt. inngår ein lengre avtale. Ulike trinn testar ulike læringsplattformer, slik at me kan gjer ei grundig evaluering av læremidla. Skulen bruker utdanningsdirektoratet sitt verktøy Reflex, i evalueringa. Dette vil vera med å leggje grunnlag for val av vidare læremiddel. Elevane tilbakemelder at dei syns læringsplattformane er ok, men at det er viktig med variasjon. Dei liker å veksle mellom bøker, papir og iPad. Kan bli litt einsformig å alltid jobba på iPad. Dei liker praktiske oppgåver.

#### **Sak 2 Trafikksikker skule, trygg skuleveg**

Opplever at skulevegen på Lye er trygg og god. Gode sykkelstiar.

Farleg trafikksituasjon ved forsamlingshuset. Ingen god av- og påstigningsplass for elevar som skal på SFO. Per dags dato må dei gå over vegen frå parkeringsplass. Nyleg har det blitt laga fartshump og merka fotgjengarfelt. Likevel tilbakemelder foreldre og elevar at det oppstår farlege trafikksituasjonar fordi mange køyrer inn ved forsamlingshuset, eller stopper i svingen for å sleppe av elevar. SU ønskjer at det blir laga ein skikkeleg av- og påstigningsplass (t.d. liknande den på Frøyland skule). Pål Undheim polititar vil ta saka vidare.

Elevane som tek skulebuss fortel at bussen køyrer veldig fort, og at den ikkje tek hensyn til fartshumpar. Dei opplever det ofte ubehageleg. Nokon av sjåførane nektar skuleelevar å koma med bussen viss dei har gløymt busskortet. Skulen melder problematikken til Kolombus.

Parkeringsplassen utfor skulen er kommunal. Bør vurdere om den skulle vore forbeholdt tilsette og besøkande på skulen i tidsrommet kl.07.00-16.00. Skulen sjekkar om det lar seg gjer.

### Sak 3 Rammeplan SFO

Det har kome rammeplan for SFO. Den skal sikre likt tilbod i heile landet, sikre god kvalitet i SFO. SFO på Lye skule har gjort seg kjent med ny rammeplan, men vil frå hausten 2022 gå grundigare inn i rammeplanen. Vil bruke Udir (utdanningsdirektoratet) sitt støttemateriell i arbeidet. Inneverande skuleår jobbar SFO med kompetanseheving via Marte Meo, systematisk observasjonsmetode og veiledning.

### Sak 4 Eventuelt

- **Søkje om partnerskap (praksiskule) med UIS for perioden 2022-2026.**  
Skulen ønskjer å inngå ny avtale med UIS. Fleirtalet i SU seier ja til at skulen kan søkje om nytt partnerskap.

- **Skulen sitt avvik-, kvalitet- og hms-system.**  
Gunnar Nærland stilte spørsmål ang skulen sitt avvik- og hms system.  
Rektor svarte dette: Skulen bruker QM+, som er Time kommune sitt styringsverktøy for kvalitet, risikoanalyse, internkontroll og HMS til å melde avvik. Avvik knytt til bygg blir meldt i Famacweb. I tillegg har skulen system for skulebasert vurdering og kvalitetsutvikling, der rapporterer tilsette kvar måned. Skuleleinga rapporterer til skulesjef kvar måned.

Skulen har ulike tiltaksplaner for dei ulike områda. Kunnskapsgrunnlag og utviklingsplan, i kunnskapsgrunnlaget samanfattar ein alle resultat frå kartleggingar, spørjeundersøkingar og evauleringar for inneverande skuleår. Dette legg grunnlag for vidare satsing/utviklingsområde for skulen. I tillegg har skulen plan for trygt og godt skulemiljø jmf §9A, handlingsplan mot vald og trakassering, plan for oppfølging av urovekkande skulefråvær, årsplanar for kvart trinn og ordensreglement som ein del av våre styringsverkty.

Rektor vil ta ein ny gjennomgang av rutine knytt til avviksmeldingar med personalet for å sikre at alle er godt kjent med prosedyren.

- **Samarbeid Undheim og Lye, overgang til ungdomskulen.**  
Pål Undheim stilte spørsmål til korleis samarbeidet med Undheim verkar, ift overgang til ungdomskulen.  
Rektor svarte: Lye ungdomskule har ein overgangsplan der det blant anna er lagt inn 2 besøksdagar i løpet av våren. Då får elevane frå Lye og Undheim treffast.  
FAU-leiar fortel at det allereie er samarbeid mellom idrettslaga, så ein del elevane blir kjent der i tillegg.  
SU er einige om at det er viktig å famne alle elevane, også dei som ikkje er aktive i idrettslaget. Derfor er det positivt at ungdomskulen arrangerer besøksdagar. Restriksjonar knytt til covid-19 har begrensa moglegheitane for å samlast, men på grønt nivå vil ein kunne gjennomføre som planlagt.

Referent:



Sigrid Kjetland  
rektor, Lye skule



Time kommune

Postboks 38 • 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • [www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)